

Ronny Johnsen
Beitingsvegen 189
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5505 - 20/81586

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2020

Tilbakemelding på e-post av 22.12.2020 - parkering - gbnr 304/15 Leirvik

Viser til e-post av 22.12.2020 med førspurnad om antal bilar på eigedommen kan aksepterst etter rydding som bilete vedlagt e-posten syner.

Alver kommune har i brev av 25.11.2020 informert deg om at vi finn at eigedomen er tilstrekkeleg rydda i høve til forureiningslova dersom det står att tre registrerte bilar pluss registrert bobil på eigedomen.

Alle andre bilar må fjernast dersom tvangsmulkta skal stoppast.

Alver kommune finn at biletedokumentasjonen i e-eposten av 22.12.2020 visar at eigedomen ikkje er tilstrekkeleg rydda.

Eigedomen slik den fremstår no, og det som er grunnlaget for vedtak om pålegg om rydding og tvangsmulkt er forureining etter forureiningslova. Vi vil likevel vise til at i henhold til byggjeløyve gitt i vedtak referert i Møtebok for Meland bygningsråd, datert 15.04.1986 er byggjemelding og teikningar mottatt 25.03.1986, godtatt av bygningsrådet i samsvar med bygningslova, byggeforskrifta og vedtekter, men under føresetnad av at gitte vilkår lista opp i bygningsjefen sitt framlegg til vedtak, vart etterfulgt.

I henhold til teikningar vedlagt byggjemeldinga, er det gitt løyve til ein garasje. Kommunen finn dermed at etter plan- og bygningslova er det gjeve løyve til ein parkeringsplass i garasje på eigedomen.

Vidare vil vi peike på at etter kommunedelplanen for Meland kommune skal det vere parkeringsplass for 2 bilar til einebustader/tomannsbustader. Kravet til 2 parkeringsplassar er både eit minimumskrav og eit maksimumskrav. Dette er krav etter plan- og bygningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ronny Johnsen

Beitingsvegen 189

5918

FREKHAUG